



Notat

Dato: 11.11.2016
Arkivsak: 2016/9781-2
Saksbehandlar: einhuns

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Utarbeidning av biogasstrategi

I samband med PS 138/16 om «Infrastruktur for mottak av biogass på Mannsverk» vedtok Fylkesutvalet 19.05.16 følgjande:

2. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland med sikte på handsaming seinast innan desember 2016.*
3. *Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass.*

Fylkesrådmannen har inkludert både Regionalavdelinga og Skyss i saksutgreiinga for å sikre eit heilskapleg perspektiv på råvaretilgjenge, produksjon og bruk.

Dette notatet omfattar ei orientering om bakgrunn, status og tidsplan for arbeidet.

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune deltek i Hordaland bioenergiforum og har delfinansiert rapportar om råvaresituasjonen ved tidlegare høve. Det er framføre alt identifisert eit teoretisk potensial for lokal biogassproduksjon basert på husdyrgjødsel¹, treverke² og fiskeavfall³ i fylket. Det manglar vurderingar av det økonomisk og praktisk moglege potensialet.

Bergen kommune har bygd eit biogassanlegg for kloakkslam i Rådalen.

«Opp mot 100 bussar i Skyssregi køyrer med naturgass som drivstoff i Bergen i dag. Desse bussane er tilrettelagt for biogass. Bergen kommune har eit biogassanlegg under bygging i Rådalen. Biogassanlegget

¹ Nibio (2016): Kartlegging av lagerkapasitet for storfe gjødsel og aktuelle stader for etablering av biogassanlegg i Hordaland.

² Bioforsk (2014): Kartlegging av klimabidrag og aktuelle klimatiltak i landbruket i Hordaland.

³ HOG Energi (2012): Biogass som drivstoff for busser. "Biogass fra nye biologiske råstoffkilder".

er planlagt å stå klart i løpet av 2016, og vil da ha kapasitet til omlag 80 bussar.» (Tiltak 5.1 i Handlingsprogram kollektiv 2016 – 2019.)

28.04.16 godkjente Fylkesutvalet «at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressoranlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.» All biogass frå anlegget på Rådal vil gå til drift av bussar i Skyssregi. Med omsyn til auka produksjon kan anlegget utvidast på sikt, men ein må då sjå nærmare på tilgjengelege råvarer.

Status

Med omsyn til bruken er kollektiv- og ferjedrifta som kører i oppdrag for fylkeskommunen potensielle etterspørjarar av biogass. Den jamne drifta gjer at dei ville vere føreseielege kundar for eventuelle produksjonsanlegg. Det er fortsatt uavklart kva etterspurnad dei vil generere:

- Bruk av biodrivstoff i ferjene vert først klart etter tildeling av alle kontraktar.
- Val av drivstoff i kollektivtrafikken er avhengig av rollefordelinga mellom Skyss og operatør slik det vert definert i anbodsprosessen. Eit teknologinøytralt anbod vil til dømes ikkje gje Skyss direkte påverknad på val av drivstoff. Dette vert avklart i politisk sak om strategiske vegval i bussanboda slik det er skildra i eiga sak om oppfølging av miljøstrategien til Skyss.

Ei eige referatsak om låg- og nullutsleppsteknologi i vegtrafikken i november har allereie gått inn på scenario for etterspurnad etter biodrivstoff generelt. Ei konkret vurdering av mogleg etterspurnad etter biogass frå bussparken vil verte tema i den heilskaplege planen for nullutslepps strategien til Skyss som Fylkesutvalet bad om i oktober.

Tidsplan

Ein fylkeskommunal strategi for auka bruk av biogass treng avklaringar rundt premissa for anbodsprosessen for kollektivtrafikken. Ein strategi for biodrivstoff generelt bør utarbeidast når rollefordelinga rundt drivstoffval i bussanboda er avgjort.

Strategiarbeidet vil vere eit godt grunnlag for å vurdere samarbeidsinitiativ retta mot kommunar og næringsliv.

Strategiarbeidet vil ta kring 3 månadar inklusive dialog med aktørar, intern saksførebuing og administrativ handsaming. Det vil då vere mogleg å handsame strategien politisk i juni 2017.

Når?	Kva?
Februar	Vedtak om vegval for kollektivanbod
Mars	Dialog med aktørar: <ul style="list-style-type: none"> - Internt (Skyss, Næring) - Kommunar - Eventuelt forsking - Private
April	Intern saksførebuing
Mai	Administrativ handsaming
Juni	Politisk handsaming

